

Skjeldal, Gudmund. (2023). «Ligesaa ren som den Sne»: Amatøren i tidleg norsk idrettshistorie. *Arr - Idéhistorisk tidsskrift*, 2023(3-4), 130-138.

Dette er siste tekst-versjon av artikkelen, og den kan inneholde små forskjeller fra forlagets pdf-versjon. Forlagets pdf-versjon finner du her:
<https://arrvev.no/artikler/ligesaa-ren-som-den-sne>

This is the final text version of the article, and it may contain minor differences from the journal's pdf version. The original publication is available here:
<https://arrvev.no/artikler/ligesaa-ren-som-den-sne>

Gudmund Skjeldal

«Ligesaa ren som den Sne»: Amatøren i tidleg norsk idrettshistorie

I daglegtalet har *amatørmessig* gått frå å vera eit heidersnamn til å bli ei heller nedsetjande nemning. Kva det vil seia å elska ein aktivitet er blitt mindre viktig enn å gjera noko med kvalitet. Grovt sagt handlar dette om profesjonaliseringsprosessane i vestlege samfunn.

I samanheng av det ein i Norge gjerne kallar toppidretten, synest forholda faktisk å ha snudd seg heilt på hovudet: Der fråveret av pengeomsyn ein gong blei eit vilkår for god og amatørmessig utøving av langrenn eller maraton, verkar no, særleg i medieomtalen, store materielle inntekter å vera sjølve målet med sportstevlingane.

Kven var no eigentleg amatøren i tidleg norsk idrettshistorie? Dette spørsmålet sette eg meg føre å svara på i den doktorgraden som eg forsvarte sommaren 2022¹. Oppgåva var idehistorisk vinkla: Kvar kom tankefiguren frå? Kva utvikling skjedde i amatørforestillingane i perioden frå 1860-åra til omkring 1910, særleg med tanke på vinteridrettane ski og skøyteløp? Og kva rolle spela eigentleg dei framveksande reglane om pengane i alt dette?

Både i den etablerte forskinga omkring franskmannen Pierre de Coubertin og etableringa hans av den internasjonale olympiske komiteen (IOK), og på den moderne idrettshistoria i Norge, var gjennomgangsmelodien at amatørideologien i sportssamanheng stort sett var ein import frå britisk sportsliv, med alle dei konnotasjonane av bestemte og avsondra samfunnsskassar som det innebar. Somme peika på at dei antikke olympiske leikane, som baronen Coubertin ønska å gje ein renessanse (første gong i moderne tid i Athen i 1896), slett ikkje hegna om nokon slags amatørside. Her var ikkje det viktigaste å gje seg i kast med dei andre, som IOK forma til sitt ideal. I Olympia på Peloponnes feira ein vinnarane, og ferdig med det. Ja, så gjævt var det med siger den gongen, at greske koloniar, så som Syrakus på Sicilia, kjøpte ein tidlegare olympisk meister (Astylos, 480 f. Kr.) til å kjempa for seg. Mange av dei greske atletane var profesjonelle – amatører sin tradisjonelt framstilte motsats.²

Andre insisterte på at baron de Coubertin i stort monn let seg inspirera og bestemma av engelske føringar då den første olympiske kongressen (på Sorbonne, i 1894) banka gjennom ein slags tidleg amatørdefinisjon.³ Den nærmast uunngåelege klassesdimensjonen hekk såleis ved dei mange amatørreglementa som IOK seinare utforma, meinte desse. Enkelt sagt skulle strenge reglar mot pengeinntekter frå idrettskonkurransar helst halda

arbeidarklassen unna aktiviteten til, og samkvemet med, aristokrati og øvre middelklasse. Grunnjevna den (eller overbygningen) kunne gjerne vera at pengar korrumperte ærlege konkurransar, men klasse-ideologien under var ikkje å ta feil av.⁴

I norsk samanheng hadde både Espen Tønneson, Finn Olstad, Matti Goksøyr og Espen Andersen understreka den britiske og helst framande distinksjonen som idrettsamatørismen var, og fortsette å vera, også her til lands.⁵ Olstad skriv det fint i ei oppdatert historie frå 2022: «Amatøridealets skrevne regler kom til å dreie seg om pengar, men det var i utgangspunktet grunnet på et helt spesielt mandighets- og dannelsesideal, med røtter til sportens opphav på de britiske øyer».⁶ Denne tolkinga gjeld endå meir for Karin Wikberg, som skreiv ei heil avhandling om svenske amatørreglar (og -dommar) i 2005.⁷ Også dansk historisk forskning har gått utifrå det engelske – og klasse-distinkte – ved idrettsamatørismen.⁸

Utan å gå rakt i rette med alle desse historikarane – for den sosiale sida, og for så vidt den engelske impulsen, av amatør-saka er slett ikkje irrelevant – ønska eg å studera dei andre tenkjelege dimensjonane ved amatør-omgrepet i norsk kontekst, og halda moglegheita open for at idékomplekset hadde andre røtter enn berre britisk jordsmonn, her med ekstra næring frå universitetsroinga på Themsens.⁹ Både IOK, og amatørismens høgborg i Norge, Norges Fotballforbund, hegna om detaljerte amatørreglement heilt til inn på 1980-talet.¹⁰ Kunne ei så viktig førestilling som amatør-blei – både i norsk og internasjonal konkurranseidrett – verkeleg vera ein så framand skapning? Kan henda idehistoriske perspektiv kunne opna for andre svar. Bakom song spørsmål om kva som skjer med toppidretten når internasjonal kapital fløymer over han i samtida vår, og endå vidare: om det er noko som går tapt når profesjonaliseringa et seg inn i stadig fleire felt; ikkje berre i eliteidretten, men i breiddeidretten, i barneoppdraginga, og mykje sivilt foreiningsliv.

I denne artikkelen vil eg gjera greie for kva teoretisk rammeverk eg tømra for granskinga, og vidare dei viktigaste resultatane i avhandlinga mi, slik eg ser dei i dag, men også reflektera over dei innvendingane eg fekk i sjølve disputasen, særleg av andreopponenten, professor i kulturhistorie, Helge Jordheim.¹¹ Eg skal strukturera funna omkring nokre historier han kan henda ville kalla anekdotar.

Problemstillinga

Det teoretiske perspektivet eg la an i historiarbeidet mitt, var i stor grad forma av den forskningstradisjonen ein gjerne kallar *Begriffsgeschichte*, eller omgrepshistorie på norsk, med

Reinhart Koselleck som vel den mest prominente flaggberaren.¹² Eg oppfatta amatøreren som eit nøkkelomgrep eller «Grundbegriff» – forstått som både a) uunnverleg og som b) omstridt i idrettshistoria nasjonalt så vel som internasjonalt. Kva omgrepshistorie sette meg i stand til, var også å leita etter motførestillingar, eller «Gegenbegriff» med Kosellecks term – som forma kven idrettsamatøren på ulike tidspunkt stod i motsetning til. Historiske grunnomgrep får gjerne meininga si i relasjon til, eller i opposisjon til, eller i direkte konfrontasjon med andre omgrep.¹³ Eg oppdaga ein annan motpol for amatøreren enn profesjonisten, for no å halvvegs røpa funna mine med ein gong.¹⁴

Kva eg fann fridom for, innanfor denne tradisjonen av omgrepshistorie, var å skilja mellom eit implisitt og eit eksplisitt omgrep om amatøreren i dei kjeldene eg granska. Det kunne tenkjast at avisene og idrettsblada drøfta tematikkar innanfor dette idékomplekset, utan akkurat å bruka ordet «amatør», eller for den del nærslekta synonym som «dilettanten» og «liebhaberen».¹⁵ Eg meinte, og meiner framleis, at eg heldt meg godt unna ei ahistorisk og essensialistisk felle her: Det var kjeldene som måtte bestemma om eit implisitt amatøreromgrep blei handsama, og kanskje verdilada her, og ikkje min fastsnekra, og i verste fall eviggyldige, definisjon av idrettsamatøren. Eg valde ordet «amatørførestillingar» i arbeidet mitt for å gjera tydeleg at omgrepet ikkje kan fangast med berre ein dimensjon eller for den del ein enkel definisjon.

Det analytiske rammeverket henta eg dels frå offentlegheitsteoretikaren Jürgen Habermas, dels frå den britiske sportshistorikaren Richard Holt.¹⁶ Eg danna meg eit omgrep om ei idretsoffentlegheit, som kort sagt kan forståast som dei arenaene og dei media der konkurranseidretten blei forma. Saklege og kritiske drøftingar av den rette måten å kappast på ski på, til dømes, skjedde både i samband av tevlingar og mønstringar, dette på bestemte stader og etter kvart fastlagte stadion, så som i Holmenkollen, og i avisene og idrettsblada, både før og etter dei ulike idrettstildragingane (så som i Holmenkollen). Kall det gjerne utandørs og innandørs offentlege *rom*. Ei historisk forståing av omgrepet måtte også ha syn for den moglege omforminga av offentlegheita som skjedde.¹⁷ *Kollenbrølet* var nok eit fenomen før det blei eit omgrep – og første gong brukt som uttrykk av Jørgen Juve i *Dagbladet* i 1953¹⁸ – men redaktørane og skribentane i idretsoffentlegheita seint på 1800-talet frykta nettopp at publikum i skibakken skulle endra seg frå ein bedømande krins til ein sjølvnytande hoiande masse, fordi dette truga verdiar djupt i idrettsamatørismen.

Eg var medviten om at Habermas har møtt mykje kritikk for tesen sin om strukturendringa (og forfallet) i den borgarlege offentlegheita.¹⁹ Poenget mitt var ikkje å visa at han likevel hadde rett, og passa også på eit norsk historisk materiale, så mykje som å få

skore ut det kjeldetilfanget frå dagsavisene og idrettsblada, årbøkene og dels bøkene, som var særleg interessant for tematikken i avhandlinga mi. Årlege større arrangement knytte til vinteridrettane ski og til skøyter blei mine særlege krystalliseringspunkt for dei amatørforestillingane som kan henda lét seg grava ut. Og sjølv om dette offentlegheitsomgrepet ikkje prinsipielt lét seg avgrensa til den trykte offentlegheita, var *Norsk idrætsblad*, og dagsavisene særleg i Christiania, dei gjennomgåande kjeldene som eg nytta. Inspirert av Espen Schannings analysar i *Barneridderne*, som i seg sjølv er eit bidrag til norsk idrettshistorie, kalla eg dei viktigaste redaktørane, og somme av debattantane, gjerne *strategar*.²⁰ Desse er då å forstå som sentrale aktørar og leiarar og meiningsprodusentar – om dette framveksande feltet idrett i norsk samanheng. Eg konsentrerte meg om dei ideala, normene og meiningane som dei uttrykte, og i mykje mindre grad om kva den konkrete praksisen på ski og skøyter var.²¹

Richard Holt er av dei heller få britiske sportshistorikarane som har insistert på å sjå amatørkomplekset i lys av andre moment enn berre sosiale klassar og økonomi.²² Av han arva eller lånte eg analysereidskap – av dei mogleg etiske og estetiske dimensjonane ved den norske idrettsamatøren. Samla sett dreiar det seg om *haldningselement* i tevlings- og prestasjonssamanheng. Desse elementa kan forståast både i etisk og estetisk lei. På engelsk er dette doble ved amatørromgrepet lett å konkretisera med idealet *fair play*.²³ Ein skulle spela til dømes ein tenniskamp med rett vørndnad for motstandaren, og med omsyn til sømeleg og skjønn stil.

Det kan verka paradoksalt å bruka rammeverk og tematikkar som Holt har funne i engelsk kjeldemateriale, særleg sentrert om storbyen London, til å analysera kan henda meir «norske» tankar og utviklingstrendar – all den tid eg var på leiting etter andre moglege samanhengar enn det ein kunne karakterisera som ein direkte import av ein britisk kulturartikkel. Men heller ikkje her var ærendet mitt å prova at Holt hadde rett, og å gjendriva den elles etablerte forskinga i Skandinavia og Storbritannia, men spørja ganske ope om denne meir kultur- og ideorienterte tilnærminga kunne kasta anna lys over amatørismen. Og *viss* det no var slik at sportsskribentar og idrettsstrategar i Norge blei tiltrekte av amatørideologien frå England, kunne det henda at andre innhaldsmoment ved han var like så viktige som pengeallergien i samtida?

Eg avgrensa meg mest til vinteridrettsgreinene ski og skøyter. Mange kjelder utropte desse aktivitetane til å vera spesielt nasjonale eller «norske».²⁴ Samstundes var skøytesporten meir internasjonal i orienteringa og bakgrunnen sin, medan skiløpinga og skihoppinga var noko nordmenn (og nord- og sørsamar) særleg dyrka, og etter kvart bringa ut i Europa og

USA. Kva begge idrettane dessutan heldt fast i, var ei kunstorientering. Ein skulle både hoppa på ski, og segla på skøytene, med *stil*. Dette var ikkje noko som låg innbakt i desse greinene frå gammalt av, nærmast som den evige estetiske sevja deira – men noko som amatørromgrepet forsterka, og på eitt vis skapte.

Oppsummert: Problemstillinga som eg sette ut med, hadde to ledd: *Kva amatørforestillingar fanst i norsk idrettsoffentlegheit i åra 1866 til 1907? Korleis endra dei seg?*

Elling Bækken ved vass-skiljet

I mars 1866 kom husmannen Elling Bækken til Christiania, for å visa fram kunstane sine på ski. Han gjekk på ski gjennom Nordmarka. Han hadde funne fram til, eller han hadde blitt synt til, bakkane ovanfor Gamle Aker kirke. I annonser i avisa *Aftenbladet* blei andre ihuga på ski inviterte med: «*Amatører* indbydes baade til at se og deltage i Løbet» (mi kursivering).²⁵

Mange møtte fram for å sjå på; avisreferata varierer i anslaga mellom fleire hundre og eit par tusen menneske. Både offiserar og studentar tok del i hoppinga på ski. Kven som «vann» var ikkje så opplagt, og kanskje heller ikkje det viktigaste for offentlegheita då.

Denne historia brukte eg mykje plass på i første del av avhandlinga mi. Eg mala ut detaljane om kvar Bækken kom frå (Sokna nordvest for Hønefoss), kven han var gift med (Pauline), kven han tevla med (ein av studentane kom heilt frå Tromsø) og kor mange pengar han tente på oppvisninga si (30 spesidalar), og kva han kunne ha råd til med så mange pengar (emigrantreise til Quebec kosta til dømes 14 spesidalar) – sjølv om den innsamla summen skulle sendast han via pålitelege menn i heimbygda. Eg gjetta endåtil på at kona må ha blitt glad då han kom heim, og at Bækken var bra stolt av bedrifta si.

Det som eg delvis ville med denne utførleg skildra storhendinga i vinterbakkane bak den gamle steinkyrkja i 1866, var å syna kva *overgangsfigur* Elling Bækken var. På dette tidspunktet i norsk idretts historie var ikkje skirenn organiserte med særleg mange skriftleggjorte reglar og program, i alle fall ikkje i hovudstaden. Skioppvisninga i Christiania kunne difor like mykje likna dei sirkusframsyningane som andre typar artistar dreiv med, med tanke på å sanko inn publikumsinntekter, ofte i samband med marknader, så som linedansarar og baklengs-løparar gjerne prøvde på.²⁶ Avisene som rapporterte frå skiløpet hans tala derimot vel så mykje om «Kunsthærdighed», «tiltalende Skuespil», «Amfiteater» og «Gjesterolle».²⁷ Tildraginga på ski hadde førelegga sine både her og der; både i sirkuset, og i kunsten.

Det endå viktigare poenget mitt, var at annonsen brukte ordet «amatør». Anten det var Bækken sjølv, eller redaktøren i avisa som valde formuleringa, eller setjaren i trykkeriet, var altså uttrykket i omløp svært tidleg i idrettssamanheng. Det minna i alle fall meg om at amatøreren, saman med det kvinnelege motstykke «amatrissa» eller «amatrica», var ein høgst reell figur i den breiare norske offentlegheita. I mange avisannonser i andre halvdel av 1800-talet fortalte kjende musikarar at dei skulle bli akkompagnerte av ein eller annan amatør (eventuelt «amatrice») som då var å forstå som ikkje var like kjend eller flink som den namngjevne pianisten eller fiolinisten, men som likevel var ihuga og stilfull nok i kunstutøvinga si.²⁸ Uttrykket «amatør», eller for den del det eldre «amateur», måtte ikkje setjast om frå engelsk. *Kunstamatøren* har si eiga lange historie i Skandinavia, så som med *liebhaberen* til dømes i Harmonien i Bergen, saman med amatøreren på teaterscenen, og med *dilettanten* i malarkunsten – tankefigurar som også fanst i fullt monn i vitskapane på 1700- og første del av 1800-talet.²⁹

Denne samanhengen mellom idrett og til dømes teater kunne eg ikkje bygga åleine på saga om Elling Bækken. Men av den måten også Sondre Norheim blei omtala i estetiske orienterte termar då han hoppa på ski i Christiania (i 1868) på, og heilt liknande den elegante *kunsløparen* på skøyter, amerikanaren Jackson Haines, som vitja hovudstaden i 1869, og mange slektande små og større skildringar i avisene og idrettsblada³⁰, stod det klart for meg at ein burde slå ut den veggen som i ettertid er blitt bygd mellom den organiserte idretten på eine sida, og ulike kunstretningar på den andre sida, og syna korleis impulsane og omgrepa snarare gjekk fram og tilbake mellom desse felta. Både skøytesporten og skiidretten bevarte stilideal då konkurransane og dei tilhøyrande foreiningane og forbunda blei organisert. For så vidt har desse idrettane denne dimensjonen ved seg enno i dag, viss ein berre tenkjer på kunstløp skøyter og på hopping på ski. Begge desse konkurransegreinene har dommarar og stilkaraktarar til å rangera resultat. Uansett: Både i omgrep og i stilelement kan ein hevda at idrettsamatøren i norsk samanheng hadde visse røter i kunsten.

Axel Paulsen på amatørpidestallen

Den andre historia eg skal trekkja fram her frå avhandlinga mi, er ved første augekast kjend nok, både i idretts- og i mediehistoria. Skøyteløparen og forretningsmannen Axel Paulsen blei i 1885 den første store idrettsmeisteren i Norge, og så mykje omtala i avisene, og brukt i kommersielle samanhengar ganske med det same, at Nansen-febereren som breidde seg slik i

1888 og 1889 etter skiferda over Grønland, her må seiast å ha sin soleklare forløpar.³¹ Nordmannen Paulsen sigra over nederlandaren Renke van der Zee i hurtigløp på skøyter i Frognerkilen, over tre engelske mil. Men forhistoria er mykje mindre kjend: Paulsen, som i januar 1885 hadde takka nei til eit kappløp i Nederland med for han ei altfor latterleg tverrvendig rundt ein staur, blei i hollandske sportsblad (*Nederlandsche Sport*) skulda for å vera både uærleg og feig og berre oppteken av pengar. *Norsk idrætsblad*, og generelt norsk idrettsøffentlegheit, var tilsvarende dyktig å haussa opp stemninga på norsk side.³² Duellen som kom i stand såleis, ein dryg månad seinare, blei eit spørsmål om æra både til Paulsen og til nordmenn meir generelt.

Duellantane, eller skøytemeistrane frå kvart sitt land, skulle kappast om 100 britiske pund, ein sum som begge hadde skote sin halvpart inn i.³³ Denne pengemessige sida av saka kan verka som sjølv hovudpoenget i historia, og har ofte blitt brukt som eit prov på kor kommersialisert delar av konkurranseidretten var før amatørdeane sette seg for alvor.³⁴ Men pengane skulle tvert om garantera for at desse to idrettsmennene gjorde sitt beste. Begge skulle ha noko å tapa, og noko å vinna, på møtet i Frognerkilen.

Redaktøren i *Norsk idrætsblad*, Sigvart Pedersen, som også var banemeisteren ved sjølv skøyteløpet, sanna etter sigersløpet at Paulsen var ein ekte idrettsmann, som elska og æra idretten sin, og førebudde seg skikkeleg til konkurransen av den grunn. Slik «fejrede han treningskunstens skjønneste triumf», heitte det.³⁵ Pedersen brukte ikkje ordet «amatør» eksplisitt, men det var denne førestillinga i samtida av den elskande, og den ærlege, som han spela på. Pengane forkludra altså ikkje her, på denne tida, at Paulsen kunne setjast på pidentallen, der altså idrettsamatørfiguren var i ferd med å bli plassert. Tidlegare på 1880-talet, då Paulsen hadde vore på turné i USA, hadde redaktøren vore meir oppteken av kva konkurranseklasse (amatør eller profesjonell) som nordmannen teknisk sett høyrde til.³⁶ No fekk amatøreren som tankefigur eit tydeleg moralsk oppsving.

Og berre tre år seinare måtte Pedersen riva skøytekongen (ein tittel som Paulsen også hadde blitt kåra til) ned att, tykte han. Då viste det seg at ein svenske (John A. Avén), som hadde reumatisme i eine beinet til og med, hadde fått sin obligatoriske del av premie-summen dekkja av Paulsen sjølv, slik at ein duell i Kristiania mellom nordmannen og svensken skulle sjå ekte ut (og dermed lokka betalande tilskodarar til stemnet). Redaktøren i *Norsk idrætsblad* hadde endåtil gått god for summen og konkurransen, teke vare på dei deponerte pengane, og kringkasta tevlinga i bladet sitt. I eit seinare nummer våren 1888 blei Paulsen (og agenten hans) kalla rett og slett sportsgribbar.³⁷ Dei risikerte å øydelegga den sanne og sunne konkurransen både i sporten og i samfunnet med slike rigga kampar, meinte redaktøren. Kva

Pedersen og andre viktige figurar i den norske idretsoffentlegheita var opptekne av, var at unge og eldre folk (oftast menn, men for den del kvinner) skulle bli lokka til sjølve å prøva skiene og skøytene, og ikkje vika unna for dei moglege tapa som livet også innebar. *Å ta del* var den djupe amatørforestillinga som redaktørane i *Norsk idrætsblad* delte med sportsbladstyrarane i andre europeiske land, og med leiarane i den nyetablerte Foreningen til Ski-idrættens Fremme (1883) og delvis med offiserane i den meir konservativt innstilte Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenferdighed (1861).³⁸ Og motforestillinga i alle fall i norsk idretsoffentlegheit var ikkje her så mykje den profesjonelle som det var sirkusartisten. Gjøglaren og bajasen (seinare «klovn») kunne like gjerne *lata som om* som dei verkeleg presterte og konkurrerte, og framsyningane deira i sirkus risikerte å gjera publikum til berre passive eller i beste fall måpande tilskodarar.³⁹ Ein idrettsamatør var ikkje primært glad, som ei seinare tids uttrykk tyder på. I norsk samanheng på siste del av 1800-talet var han snarare seriøs, eller rett og slett alvorleg.

Tildragingane med Paulsen i åra 1885-1888 bør nok ikkje forståast som ein typisk «case» for denne tida, sjølv om den doble rolla til redaktøren både som organisator av og kommentator til idrettshendingane er ganske illustrativ for dei idrettsstrategane som styrte *Norsk idrætsblad* også seinare. Soga om Paulsens vekst og fall i idretsoffentlegheita «viser» likevel at pengar også symbolsk sett var ein valuta som kunne vekslast inn i fleire moralar eller verdiar, både som oppbyggeleg ærlegdom og øydeleggande grådigskap. I visse idrettar (skyting, segling, hestesport) blei pengepremiar faktisk sjeldan sett på som noko problem i heile denne perioden.⁴⁰ I utviklingshistoria om amatørfiguren er det også interessant at svenske foreiningar og lag danna sin første bestemte amatørdefinisjon på grunn av denne kontroversen med Avén og Paulsen, faktisk så tett i tid som våren 1888. Også i dansk samanheng voks drøftingane om idrettsamatøren etter denne påståtte skandalen.⁴¹ Om ein vil, kan ein finna tendensar til både skandinavisk, og dels kontinental europeisk, samtale om kva som eigentleg var ein god sportsamatør – med utgangspunkt i dramatikken rundt Axel Paulsen. Sykkelklubbane i Norge hadde visseleg laga seg amatørreglar etter britisk førebilete tidlegare (1884), men melde seg for fullt i diskusjonane i *Norsk idrætsblad* no. Spissformulert: Idrettsstrategar i Skandinavia trong ikkje sjå til sportslivet over Nordsjøen for å skjønna kva som kunne stå på spel i samanheng av ulike slag tevlingar. Eller som redaktøren eller strategen Petersen skreiv om det å laga spesifikke amatørreglar i Norge og Norden: «Enhver tager af engelske bestemmelser, hvad der passer i hans kramkiste, og kaster resten bort med den bemerkning, at det ikke passer for vore forhold.»⁴²

Sjølv ville han ikkje ha ein for streng definisjon; distinksjonen mellom «professionist» og amatør burde gå mellom det å ha idretten som heilt levebrød og ikkje, meinte han. På den andre sida kosta Pedersen også etter agenten til Paulsen seinare i 1888, då denne var med som funksjonær ved eit sykkelstemne i Kristiania, og la såleis noko av grunnen for at også idrettsleiarar og trenarar blei rekna inn i seinare tids amatørreglement i Skandinavia.⁴³

Skihopparar i sirkussamanheng

Den siste historia eg streifar, har også den allstadsverande Thor Gotaas fått godt fram i boka si om langrennssportens historie i Norge.⁴⁴ Dei første amatørane som Skiforbundet beint fram diskvalifiserte, var tre trøndarar (mellom anna tredjemannen på 50 km langrenn i Holmenkollen i 1904) og ein Kristiania-løpar – som hausten 1907 hadde stilt i eit revynummer i Hippodromen i London, der dei hoppa frå eit lite stillas, og seks-åtte meter ned i eit like kunstig unnarenn. Revyen handla om eit bondebryllaup i Sveits. Ein debattant i Norsk idrætsblad kalla dette «karikaturopvisninger som pantomineskiløbere».⁴⁵ Redaktøren (Fredrik Juell) var heilt samd: «Det virker latterlig, flaut».⁴⁶ Då hadde Skiforeningen (opphavleg «Foreningen til Ski-idrættens Fremme», 1883) alt vedteke sine amatørreglar, dels med denne sirkus-problematikken som bakgrunn.⁴⁷

Opplagt stod mykje på spel i den norske idretsoffentlegheita no; at sann idrett helst skulle gå føre seg utandørs, og at sunn vinteridrett burde dreia seg om rein snø. Ein skiløparamatør utfalda seg ekte i skogar og fjell, ikkje i kunstig tilgjorte bakkar, innandørs i byar til og med. Visseleg var det eit problem for lesarane, bladredaktørane og idrettsleiarane i Norge at skiløparar som hadde blitt dekorerte med medaljar frå Holmenkollen, gjorde seg til sirkusartistar for reine eller rettare sagt *ureine* pengar, men slik hopping (eller kva dei skulle kalla det), var snarare vederstyggelig, og dessutan farleg, og såleis ikkje meint oppbyggelege eller inspirerande for publikum. Førestillingar om det vakre, og det reine, la seg slik på idear om det nasjonale som noko anna (og edlare) enn det utanlandske. Amatøromgrepet i norsk samanheng forsterka ein for så vidt gammal gymnastisk kritikk av sirkustradisjonen, og vigde privilegert plass til utandørdsdimensjonen og allsidigheita ved idrett. Særleg slik idretsoffentlegheita omtala den demokratiske folkemønstringa i Holmenkollen, var det som om den kvite snøen gjorde den norske skiløparamatøren spesielt rein.

Kort sagt: Trugsmål frå utanlandske kommersielle ski-arrangement lada etterkvart den heimlege amatørfiguren med meir meining og verdi. Sjølv sirkus-fenomenet blei stadig meir devaluert, og gjort til sjølv motsatsen til sann amatøriddrett. Bestemte amatørreglar trengte seg på, og med dei også meir bastante pengeforbod. Engelsk sportsliv tente for somme

idrettsstrategar som eit førebilete her – men spela i sum ei underordna rolle for dei amatørbestemmingane som blei utvikla i norsk og skandinavisk samanheng, i alle fall i samband med vinteridrettane ski og skøyter.

Innvendingar og refleksjonar

På sjølve disputasen blei eg utfordra av andreopponenten, nemnte Jordheim, på om eg kjende til korleis anekdoten har fått metodologisk og teoretisk forsvar innanfor nyhistorismen. Dette bora han nok i sidan eg stadig breidde om meg med detaljar og skildringar, særleg i historia om Elling Bækken, utan heilt å forsvare eller forklara desse litterære eskapadane.

Nyhistorismen, som den amerikanske litteraturprofessoren og renessanseforskarer Stephen Greenblatt særleg stod fadder for, vende, som kjent for somme, studiet av litterære tekstar bort frå både diskusjonar om det autonome kunstverket og frå materialistiske historieforklaringar (inkludert ideologikritikk), og veldig enkelt sagt «tilbake» til eit mykje breiare omgrep om kontekst.⁴⁸ Han, og andre nyhistoristar som Catherine Gallagher og John Fineman, la sin elsk på den historiske anekdoten fordi den kunne seiast å ha noko fersk eller røtt ved seg, og såleis gjer det historiske (og kanskje også kunstverket) verkeleg igjen⁴⁹ og dessutan fordi den kan fungera som mot-historisk metode⁵⁰ ved å forpurra den større og «trygge» historia ein vanlegvis har blitt fortalt. Anekdoten, viss eg har forstått det rett, har på sitt beste representativ kraft utan at den lar seg så lett absorbera i eit større (historisk) heile.⁵¹ I staden for å avvise Bækkens ganske fattigslege annonse i 1866 som eit simpelt anekdotisk bevis kunne ein tenkja at dette vesle fragmentet snur den kjende historia på hovudet, og røper korleis amatøren levde i beste velgåande i norsk idrettssamanheng faktisk *før* engelskmennene byrja å laga sine utførlege reglar (for til dømes friidrett og roing).⁵² Duellen mellom van der Zee og Paulsen i 1885 får først tydinga si i samtida når ein tar inn over seg kva neglisjerte amatør-relaterte storleikar av ære og moral som stod på spel då.

Likevel: Var kritikken omkring sirkus ei tilspissing som primært skjedde i språket og i ordskiftet? Noko som nok kan innvendast mot rammeverket mitt, og som blei nemnd på disputasen, var at omgrepshistoria «mi» mykje blir innskrenka om meiningsinnhald og såleis det språlege. Ei vending også mot materielle og fysiske sider ved denne historia, så som skiene ein laga prisutstillingar av, og kledda ein meinte passa seg i idrettssamanheng, kunne ha berika framstillinga.⁵³

Kva som nok også vantar litt i avhandlinga mi, er refleksjon over kva del av kunstfeltet eg særleg tenkjer på som det delvise opphavet til amatørømgrepet, om det var

musikken, eller teaterkunsten, eller det ein i dag gjerne kallar *performativ kunst* – som også innbefattar det som blei heitande sirkus og tilhøyrande ekvilibrisme og akrobatikk.⁵⁴ Eg kunne nok også med fordel ha drøfta endå meir korleis eller kor vidt dei militære organisatorane og strategane (så som ein major Munch Petersen i 1867) hadde med seg sin estetikk frå militæret, og i kva grad dei stilelementa eg tolka som del av eit framveksande amatørideal i idretten, også fanst i den tyske turninga som hadde heimsøkt dei norske byane i Norge alt frå 1855 og framover.⁵⁵ Røtene for idrettsamatøren, i den grad den metaforen kan brukast, kan ha vore mange.

Ein verkeleg vrang opponent ville nok også innvendt at ein del av det stoffet som eg innrullerer i amatørrelevante tematikkar, kunne ha blitt sortert annleis dersom grunddistinksjonen i norsk idrettshistorie heller fekk handla om kontrasten mellom nyttig idrett på den eine sida, og idrettens «eigen» verdi eller rettare sagt spenningsverdi (tenk konkurransen), på den andre. Dette er gjerne den etablerte måten å skildra polariteten på.⁵⁶ Kva eg likevel held fast i, er at idretsoffentlegheita er eit analytisk sett produktivt omgrep. Eg meiner det er gode grunnar til å skjela meir til performative kunstretningar, når ein omtalar tidleg norsk idrett, og dei førestillingane som rådde i dette feltet. Amatørideal gjorde seg gjeldande tidleg i norsk idretts historie, med fleire ulike inspirasjonskjelder. Soga om Axel Paulsens vekst og fall er ein eigen og viktig nøkkel til mykje av den meir spesifikke idrettsamatørdrøftinga om reglar som skjedde i norsk kontekst frå 1880-åra av.⁵⁷ Ein kan nok ikkje tala om ein eigen *norsk* amatørfigur i idrettssamanheng, men omgrepet blei i den tidlege moderne idrettshistoria sett inn i ei eiga ramma av norsk natur og nordisk vinter – og med sirkuset som skremmebilete. Som ein av dei store idrettsstrategane (Fritz Huitfeldt) avslutta ei bok om skiløping: «Lad der i det mindste være en Idræt, som ikke besmittes af urene Hænder, og lad vore stolte og nationale Idræt være ligesaa ren som den Sne, hvorover vi glider.»⁵⁸

Den kvite, naturlege snøen tente tidleg både som garantist og som rettesnor – for sann og ærleg amatøriddrett.

I våre dagar, for no å venda tilbake der eg byrja, går meir og meir konkurranseiddrett om vinteren føre seg på det dei kallar *kunstsno*. Dette kan ein nesten karakterisera som amatørhistoria sin djupe ironi.

gudmunds@nih.no, førsteamanuensis, Norges idrettshøgskole

¹ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»».

² Young, *The Olympic myth of Greek amateur athletic*. Sjå også Goksøyr, «Starten gikk i Olympia». Dei første olympiske leikane i antikk tid skriv seg minst attende til 776 f. Kr.

³ Sjå til dømes Llewellyn & Gleaves, *The Rise and Fall of Olympic Amateurism*, 26-27.

⁴ Baker, «Whose Hegemony», 1-16

⁵ Tønnesson, *Norsk idretts historie*: (bind 2); Olstad, *Norsk idretts historie* (bind 1), Goksøyr, «Idrettsliv i borgerskapets by»; Andersen, «Det store gjennombruddet». Også Rune Slagstad har skrivne om amatørreglane i boka (*Sporten*), men helst med utgangspunkt i etablert forskning og sekundærkilder.

⁶ Olstad, *Da sporten erobret Norge*, 77-78. Olstad skriv også, side 78: «Amatøridealet og de etter hvert rigorøse amatørreglene skulle verne mot ekstrem prestasjonsorientering og bremse konkurransenivået, noe det utvilsomt også gjorde. Det var amatørsportens dypeste begrunnelse.» Denne siste tolkinga nøler eg ved.

⁷ Wikberg, «Amatör eller professionist?», 273-274.

⁸ Jørgensen, *Ro, renslighed, regelmæssighed*

⁹ Om amatørroinga (og den profesjonelle) på Themsen har Eric Halladay skrivne ein sindig artikkel som kan seiast å vera forløpar for perspektivet til Richard Holt, nemnt lenger ned i artikkelen her. Sjå Halladay, *Of Pride and Prejudice*.

¹⁰ Den fine jubileumboka om Norges Fotballforbund syner at forskarane Goksøyr og Olstad ikkje berre er opptekne av dei sosiale sidene ved amatøridealet. Goksøyr & Olstad, *Fotball!*, 104-117.

¹¹ Førsteopponent var Sverker Sörlin, professor ved Kungliga Tekniska Högskolan i Stockholm, og leiar av bedømmingskomiteen var Susanna Hedenborg, professor ved Malmö universitet.

¹² Gløymd er då ikkje Otto Brunner eller Werner Conze som saman med Koselleck redigerte imponerande tjukke band av det dei kalla «Geschichtliche Grundbegriffe» i åra 1972 til 1997.

¹³ Koselleck, *Begriffsgeschichten*, 6, 81, 101, 176.

¹⁴ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 3.

¹⁵ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 162.

¹⁶ Habermas, *Borgerlige Offentlighet*; Holt, *Sport and the British*.

¹⁷ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 126

¹⁸ Jørgen Juve, «Rennlederen», *Dagbladet*, 28. februar, 1953.

¹⁹ Fraser, «Rethinking the Public Sphere»; Mouffe, «Deliberative democracy or agonistic pluralism»; Tjønneland, *Gripsruds grep*.

²⁰ Schaanning, *Barneridderne*, 282, 376, 375. Med det vide idrettsomgrepet som rådde i tida 1850-1920, og som inkluderte både turisme og friluftsliv, kan Schaannings bok godt føyast til forskningslitteraturen på idrettshistoria i Norge. Ei anna viktig inspirasjonskjelde var boka til Per Strømhol, *Farvel til fortida!*, og det bestemte omgrepet hans om *ideologiar* som gruppebestemte oppfatningar og verdier.

²¹ Sjølv om konkurransane primært blei utforma av og med og for menn, var aktivitetane av både skøyting på is (ved til dømes Akershus festning), og skiløping (i til dømes Nordmarka) open for norske kvinner også.

²² Holt, «The amateur body and the middle-class man», 352-369.

²³ Holt, *Sport and the British*, 97-101.

²⁴ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 100-103.

²⁵ «Skirend», *Aftenbladet*, 13. mars, 1866. Lysinga var trykt på side tre, både den 13. Og den 14. mars.

²⁶ Dette spennande emnet i tidleg norsk idrettshistorie, er nesten ikkje blitt forska på. Goksøyr streifar det i avhandlinga si, «Idrettsliv i borgerskapets by», Torkel Bråthen har skrivne ei flott masteroppgåve om førehandssensurbestemmingane som gjeldt performativ kunst i åra 1828-1875, og Herman Berthelsen har laga ei meir populærvitenskapleg framstilling av den lange linja i norsk sirkusliv, kalla enkelt *Sirkusliv i Norge*.

²⁷ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 157-158.

²⁸ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 158-159. Sjå til dømes *Christiania-Posten*, 1851-årgangen, og datoane 24. mars, 28.sept., 7.okt., 5. nov., 3. des. og 15. des.

²⁹ Federhofer & Hodaes, *Mellom pasjon og profesjonisme*.

³⁰ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 188-202.

³¹ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 252-262.

³² Sjå «Det internasjonale skøjtekapløb i Leeuwarden», *Norsk idrætsblad*, 23. februar, 1884 (nr. 4), 23-24 – for referat av både *Nederlandsche Sport*, og for det svarbrevet som Paulsen (og kollegaren Carl Werner) skreiv.

³³ I norsk kroneverdi tilsvara totalsummen 1830, som utgjorde to månaders løn for ein vanleg arbeider i Norge. Men merk at Paulsen eller van der Zee «berre» ville sitja att med halvparten av dette, sidan dei skaut inn kvart sitt like beløp i potten.

- ³⁴ Sjå til dømes Olstad, *Norsk idretts historie*, 88.
- ³⁵ «Det internasjonale skjøtekapløb ved Kristiania», *Norsk idrætsblad*, 4. mars, 1885 (nr. 5), 34.
- ³⁶ Ein del amerikanske rivalar ville ha Paulsen ut av amatør-klassen, og inn mellom dei profesjonelle.
- ³⁷ «Sportsgribbe», *Norsk idrætsblad*, 5. mai, 1888, (nr. 12), 82.
- ³⁸ Foreininga var stifta alt i 1891. I 1895 endra ho namn til «Centralforeningen for udbrædelse af idræt», og fekk eit endå tyngre innslag av offiserar i styreposisjonane etter det.
- ³⁹ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 284.
- ⁴⁰ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 443.
- ⁴¹ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 279-284.
- ⁴² «Hollændere som amatører», *Norsk idrætsblad*, 9. april, 1886 (nr. 7), (69-)70.
- ⁴³ *Norsk idrætsblad*, 25. august, 1888 (nr. 20), s. 141.
- ⁴⁴ Gotaas, *Først i løypa*, 76-77.
- ⁴⁵ «Skiløbning – professionisme», *Norsk idrætsblad*, 11.oktober, 1907 (nr. 41), 332.
- ⁴⁶ «Skiløbning og professionisme», *Norsk idrætsblad*, 24. oktober, 1907 (nr. 43), (349-)350.
- ⁴⁷ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 444. Eit anna trugsmål var hotell i Alpane, som gjerne betalte rundhanda for norske skiinstruktørar, og inviterte dei med på sirkusliknande turistarrangement. Sjå også Olstad, *Norsk idretts historie*, 161-163.
- ⁴⁸ Gallagher & Greenblatt, *Practicing New Historicism*, 17.
- ⁴⁹ Dette er mi omsetjing av det kjende «touch of the real»; Gallagher & Greenblatt, *Practicing New Historicism*, 45.
- ⁵⁰ Gallagher & Greenblatt, *Practicing New Historicism*, 19, 21, 52.
- ⁵¹ Gallagher & Greenblatt, *Practicing New Historicism*, 21.
- ⁵² Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 153. Ei grei oversikt over ulike amatørreglar som kom, i ulike organisasjonar og tidsavsnitt, finst hjå Glader, *Amateurism and Athletics*.
- ⁵³ Éi teoretisk ramme for ei slik «vending» kan til dømes hentast hjå det nærveret som litteraturvitaren Gumbrecht legg slik vekt på. Gumbrecht, *Our Broad Present*.
- ⁵⁴ Eitt døme på omgrepsavklaring og diskusjon av omgrepet 'performativ kunst', sjå Helgesen & Helgesen, *Drama for barn*, 16-18.
- ⁵⁵ Skjeldal, ««Kjærlighed», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»», 177, 106.
- ⁵⁶ Olstad, *Norsk idretts historie*, 80.
- ⁵⁷ På 1920-talet handla amatørregeldiskusjonane i forbundssamanheng særleg om kor vidt dekning av reiseutgifter, og tapte lønsinntekter, kunne forsvarast. Olstad, *Norsk idretts historie*, 228-230.
- ⁵⁸ Huitfeldt, *Skiløbning i Text og Billeder*, 62.

Litteratur

- Andersen, Espen. «Det store gjennombruddet: Norsk fotballs kulturhistorie 1885-1925». Doktorgradsavhandling, Norges idrettshøgskole, 2007.
- Baker, Norman. «Whose Hegemony? The Origins of the Amateur Ethos in Nineteenth Century English Society», *Sport in History* 24, nr. 1 (2004): 1-16.
- Berthelsen, Herman. *Sirkus i Norge: Gjøglerne og sirkusenes historie*. Oslo: Commentum forlag, 2009.
- Brunner, Otto, Conze, Werner & Koselleck, Reinhart. *Geschichtliche Grundbegriffe: Historisches Lexikon zur politisch-sozialen Sprache in Deutschland*. 8 bind. Stuttgart, Ernst Klett Verlag, 1972-1997.
- Bråthen, Torkel. «Retten til å framføre offentlige forestillinger i Norge 1818-1875». Masteroppgave, Universitetet i Oslo, 2015.
- Collins, Tony. *Sport in Capitalist Society*. London: Routledge, 2013.
- Darnton, Robert. *The Great Cat Massacre and other Episodes in French Cultural History*. New York: Basic Books, 1894.
- Robert Darnton. «Blogging, Now and Then (250 Years Ago), *European Romantic Review*», 24, nr. 1 (2013): 255-270.
- Federhofer, Marie-Theres & Hodacs, Hanna, red. *Mellom pasjon og profesjonalisme: Dilettantkulturer i skandinavisk kunst og vitenskap*. Trondheim: Tapir akademisk, 2011.
- Fraser, Nancy. «Rethinking the Public Sphere: A Contribution to the Critique of Actually Existing Democracy», i: *The Idea of a Public Sphere: A Reader*, red. Jostein Gripsrud, Hallvard Moe, Anders Molander & Graham Murdock (s. 127-149). Plymouth: Lexington Books, 2010.
- Glader, Eugene A. *Amateurism and Athletics*. West Point, N.Y.: Leisure Press, 1978.
- Goksøy, Matti. «Idrettsliv i borgerskapets by: En historisk undersøkelse av idrettens utvikling og organisering i Bergen på 1800-tallet.» Doktorgradsavhandling, Norges idrettshøgskole, 1991.
- Goksøy, Matti. «Starten gikk i Olympia». *Levende historie*, nr. 4 (2004): 19-25.
- Goksøy, Matti & Olstad, Finn. *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Norges Fotballforbund, 2002.
- Gotaas, Thor. *Først i løypa: Historien om langrenn i Norge*. Oslo: Andresen & Butenschøn, 2003.

-
- Gumbrecht, Hans Ullrich. *Our Broad Present: Time and Contemporary Culture*. New York: Columbia University Press, 2004.
- Habermas, Jürgen. *Borgelig offentlighet: dens fremvekst og forfall*, sett om av Elling Schwabe-Hansen, Helge Høibraaten & Jon Øien. 2. utg. Oslo: Gyldendal, 1991.
- Halladay, Eric. «Of pride and prejudice: The amateur question in english nineteenth-century rowing». *The International Journal of the History of Sport*, 4, nr. 1 (1987): 39-55.
- Helgesen, Anne & Helgesen, Petra. *Drama for barn - teatrets sjel. Norsk barnedramatikks historie*. Oslo: Vidarforlaget, 2020.
- Holt, Richard. *Sport and the British: A modern history*. Oxford: Oxford University Press, 1989.
- Holt, Richard. «The Amateur Body and the Middle-Class Man: Work, Health and Style in Victorian Britain». *Sport in History*, 26, nr. 3 (2006): 352-369.
- Huitfeldt, Fritz. *Skiløbning i Text og Billeder*. Oslo: Jacob Dybwads forlag, 1908.
- Jørgensen, Per. *Ro, renslighed, regelmæssighed: Dansk Idræts-Forbund og sportens gennembrud ca 1896-1918*. Odense: Syddansk Universitetsforlag, 1997.
- Koselleck, Reinhart. *Begriffsgeschichten: Studien zur Semantik und Pragmatik der politischen und sozialen Sprache*. Med to bidrag av Ulrike Spee and Willibald Steinmetz, og eit etterord av Carsten Dutt. Frankfurt am Main: Suhrkamp Verlag, 2006.
- Llewellyn, Matthew P. & Gleaves, John. *The Rise and Fall of Olympic Amateurism*. Urbana: University of Illinois Press, 2016.
- Mouffe, Chantal. «Deliberative Democracy or Agonistic Pluralism?» i: *The Idea of a Public Sphere: A Reader*, red. Jostein Gripsrud, Hallvard Moe, Anders Molander & Graham Murdock (s. 270-290). Plymouth: Lexington Books, 2010.
- Olstad, Finn. *Norsk idretts historie: Forsvar, sport, klassekamp 1861-1939*. Bind 1. Oslo: Aschehoug, 1987.
- Olstad, Finn. *Da sporten erobret Norge*. Oslo: Dreyer, 2022.
- Schaanning, Espen. *Barneridderne: Baden-Powell og den norske speiderbevegelsen*. Oslo: Cappelen Damm, 2015.
- Skjeldal, Gudmund. ««Kjærlighet», «Sportsgribbe» og «Cirkusartister»: Amatørførestillingar i norsk idrettsoffentlegheit 1866-1907». Doktorgradsavhandling, Norges idretthøgskole, 2022.
- Slagstad, Rune. *(Sporten): En idéhistorisk studie*. Oslo: Pax forlag, 2008.
- Strømholm, Per. *Farvel til fortida! Idehistorie og vår livsverden*. 2. utg. Oslo: Spartagus, 1991.
- Tjønneland, Eivind. *Gripsruds grep: Offentlighetshistorie som ideologi*. Oslo: Freigeist, 2018.
- Tønnesson, Espen. *Norsk idretts historie: Folkehelse, trim, stjerner 1939-1986*. Bind 2. Oslo: Aschehoug, 1986.
- Young, David. *The Olympic myth of Greek amateur athletics*. Illinois: Ares Publishers, 1984.
- Wikberg, Karin. *Amatör eller professionist? Studier rörande amatörfrågan i svensk tävlingsidrott 1903-1967*. Stockholm: Sisu Idrottsböcker, 2005.